



Ronny Mjøs  
Brørakastet 48  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3261 - 16/28399

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
12.10.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 137/633 Alver

Vi stadfestar å ha motteke din søknad om dispensasjon og løyve til tiltak for oppføring av garasje

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Søknad om avkjørsle

frå kommuneveg, skal sendast til **Lindås kommune, vegavdelinga**. Ut frå flyfoto frå 2012 ser det ut tll at du har tilkomst over naboeigedommen.

### Ny situasjonsplan

Bruk vedlagte kart. I tillegg til dei avstandane du har vist, må du visa utvendige mål på garasjen. Du må også visa avkjørsle med svingradius og siktsoner. Du må også visa at du kan sne på eiga tomt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 31.10.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon, slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Ronny Mjøs

Brørakastet 48 5911

ALVERSUND